

# Statuttar for bedehuset Sion i Volda.

## §1

Huset skal vere samlingsstad for møte med kristelege og byggjande siktemål etter Guds ord og i samsvar med den evangelisk-lutherske vedkjenninga.

## §2

Styret for huset vert valt av årsmøtet og har fem medlemmer og tre varamedlemmer. To medlemmer vert valde på eitt årsmøte, og tre på neste. Styremedlemmer har to års funksjonstid, og varamedlemmer sit eitt år. Etter åtte samanhengande år i styret kan ein ikkje attveljast før etter to år ute. Styret konstituerer seg sjølv.

## §3

Styret er til kvar tid ansvarleg for korleis huset vert brukt og teke vare på. Det skal syte for forsvarleg tilsyn og reinhald. Styret har fullmakt til å ta opp lån til arbeid på huset; men skal det ombyggjast, må planane fram for årsmøtet. Ved å fastsetje leigevilkår, og på andre måtar skaffe dei midlar huset treng, har styret ansvar for økonomien. Styret fører møtebok. Det legg fram årsmelding og rekneskap på årsmøtet.

## §4

Ved vanleg fleirtal avgjer styret kven som til kvar tid skal nytte huset etter § 1. Emissærar som er godkjende i ytre eller indre misjons teneste av kjende og vedkjenningstru lag eller organisasjonar, kan utan vidare gjevast tilgjenge av formannen i styret.

## §5

Det vert halde årsmøte i februar eller mars kvart år. Her skal årsmelding og rekneskap drøftast og godkjennast (jfr. § 3), og det skal haldast val (jfr. § 2). Årsmøtet - og saklista - skal kunngjerast gjennom annonse i avisa minst to veker føreåt. Alle som er med i det lokale arbeidet til brukarorganisasjonane, og som vedkjenner seg til den evangelisk-lutherske læra, får røysterett ved å la namnet sitt bli ført inn i ein møteprotokoll; men nye årsmøtedeltakarar må godkjennast av minst to tredjedelar av dei tidlegare årsmøtedeltakarane i salen. Det skal førast møtebok. Styret kan kalle inn til ekstrordinært årsmøte. Dette vert kunngjort på same måte som ordinære årsmøte.

## §6

Framlegg til endring av statuttane må ha minst tre fjerdedels fleirtal på to årsmøte med minst eit halvt års mellomrom for å bli gjorde gjeldande. Ved usemje i spørsmål som vedkjem § 1, § 4 eller denne, kan eit mindretal på to i styret - eller ein tredjedel av årsmøtet - be om hjelp frå krinsleiinga i dei to organisasjonane som har brukt huset mest i tiårsperioden før dette vert gjort. Kvar av dei to organisasjonane kan då velje tre medlemmer som saman med styret avgjer usemja.

## §7

Huset skal vere sjøelveigande som før.